



Arkivnr: 2016/9118-1

Saksbehandlar: Karl Viken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.2016
Fylkestinget		04.10.2016

### Tertialrapport pr. august 2016 - rekneskapsrapport.

#### Samandrag

Tertialrapporten etter 2. tertial viser eit meirforbruk på 10 mill. kr. Dette er ein betring av tala pr. 1. tertial, då den meldte årsprognosen var eit negativt årsresultat på 40 mill. kr. Rapporten viser at det innanfor opplæring, tannhelse, eigedom og konsesjonskraftinntekter ligg an til meirforbruk/lågare inntekter. For skatteinntektene ser det ut til å verta eit positivt resultat samanlikna med budsjett; dette etter at det auka skatteanslaget i revidert nasjonalbudsjett ser ut til å slå til også for HFK sin del. For rentekapitlet, lønsavsetjinga, fylkesadministrasjonen og samferdselsektoren ser det ut til å gå mot overskot samanlikna med det som er sett av i budsjettet. For dei andre delane av budsjettet er årsprognosen balanse eller små avvik.

Fylkesrådmannen held fram arbeidet med å betre den økonomiske stoda, og vil ha særskild fokus på dette i samband med budsjettet for 2017. Fylkesrådmannen vil følgja utviklinga i siste tertial, og ha særleg merksemd på nokre område som kan få størst verknad i høve til det økonomiske resultatet for 2016; skulane sine årsresultat, tannhelseektoren, samferdselsektoren og skattekapitlet.

Som nemnt ved tidligare rapporteringar, er det liten fare for rekneskapsunderskot i 2016. Det kjem av at det i budsjettet for 2015 er sett av 90 mill. kr til finansiering av investeringar. Delar av denne summen vert stroken ved rekneskapsavsluttinga, om årsprognosen slår til. Fylkesrådmannen vil likevel understreka at den økonomiske stillinga for fylkeskommunen vert svekka ved eit budsjettmessig meirforbruk i 2016.

På driftsbudsjettet er det forslag om endringar innafor områda tannhelse, kultur og eigedom.

På investeringsbudsjettet har fylkesrådmannen i saka framlegg om endringar – i hovudsak som følgje av endra framdrift for nokre prosjekt, samanlikna med det som var lagt til grunn i budsjettet. Budsjettet for kjøp av bybanevogner er foreslått auka vesentleg.

Trass i at investeringsbudsjettet vert foreslått auka på fleire postar, har ein lukkast med å redusera låneopptaket også denne gongen. For å makta dette foreslår fylkesrådmannen å nytta det avsette fondet til finansiering av investeringar som fylkestinget sette av i samband med avsluttinga av rekneskapsrapporten for 2015 på fylkestinget i juni.

## Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2016 vert endra slik:

### a) Driftsbudsjettet

Stad	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	130 500 00	10110 Egedomsseksjonen, løn	1 000 000	
10	130 500 00	11000 Egedomsseksjonen, andre driftsutg.	1 500 000	
10	310 220 00	13700 Bilruter		24 320 000
10	320 100 00	11000 Bybaneanlegg Kokstad	1 500 000	
10	400 712 00	14500 Den kulturelle spaserstokken	3 000 000	
10	560 200 00	11000 TK Vest	6 000 000	
10	600 780 00	14700 Lærlingtilskot	2 449 000	
10	700 200 00	18000 Rammetilskot	21 871 000	
10	710 100 00	15000 Renter		13 000 000
			37 320 000	37 320 000

### b) Investeringsbudsjettet

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	300 270 00	02301 00 00010	Bussanl. Sunnhordland		20 000 000
10	300 270 00	02301 00 00013	Terminalar/sjåførfasilitetar		4 000 000
10	300 270 00	02850 00 00011	Kjøp av Nonneseterterminalen	20 000 000	
10	300 270 00	07000 00 00011	Refusjon frå staten		15 000 000
10	300 420 00	02301 00 07602	Fylkesveginvesteringar		163 000 000
10	300 420 00	07700 00 07602	Bompengar	97 700 000	
10	310 235 00	02100 00 07803	Bybanen - vogner	105 700 000	
10	320 075 00	02301 00 07902	Bybanen - byggjesteg 3	100 000 000	
10	320 075 00	02301 00 07904	Bybanen - byggjesteg 4		100 000 000
10	617 020 00	02301 00 06034	Tertnes vgs.		35 000 000
10	632 020 00	02301 00 06028	Nye Voss vgs.		10 000 000
10	638 020 00	02301 00 06029	Åsane vgs.		20 000 000
10	740 020 00	05290 00 07110	Kjøp aksjar (tomteselsk.)	12 300 000	
10	777 020 00	01000 00 05800	Profilering eigedomar		3 000 000
10	777 021 00	02301 00 03000	Rehabilitering/ombygging	10 000 000	
10	790 100 00	09100 00 09979	Bruk av lån	9 300 000	
10	790 100 00	09400 00 09979	Bruk av disposisjonsfond		34 000 000
10	790 110 00	07290 00 09979	Momskompensasjon	49 000 000	
				404 000 000	404 000 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 09.09.2016

## Investeringar

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er brukt til investeringar pr. 2. tertial:

	Reknesk. pr. aug.	Årsbudsj.	Forbruk i % av årsbud.
Administrasjon	12 933	25 000	51,7 %
Fellesfunksjonar (universell utforming m.m.)	41 822	34 600	120,9 %
Årstad vgs.	65 749	91 000	72,3 %
Nye Voss gymnas	183 389	270 000	67,9 %
Nye Voss vgs.	107 544	181 000	59,4 %
Andre prosjekt opplæring	136 800	238 500	57,4 %
Tannhelsetenesta	4 981	25 000	19,9 %
Fylkesvegar	731 897	1 623 164	45,1 %
Bybanevogner	197 285	124 300	158,7 %
Bybaneutbygging	445 264	560 024	79,5 %
Andre prosjekt samferdsel	48 437	94 000	51,5 %
Kultur	1 740	3 000	58,0 %
<b>TOTAL</b>	<b>1 977 841</b>	<b>3 269 588</b>	<b>60,5 %</b>

Tabellen syner at forbruket samsvarer bra med budsjett; samla er det brukt 60,5 % av budsjettet pr. 2. tertial. Det tyder på at investeringsprosjekta samla sett er i god gjenge.

Status for framdrift og økonomi i dei enkelte investeringsprosjekta er omtalt nedanfor. Dette viser at ein i nokre prosjekt ligg litt etter opphavleg framdriftsplan, mens ein i andre har forsert framdrifta og får meir utgifter i år enn budsjettet.

## Opplæring

Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren

Opphavleg budsjett for denne samleposten er på 100 mill. kr. Prognosen for året samla er at ein vil få eit noko høgare forbruk enn budsjettet. Årsaka til dette er i hovudsak knytt til at ein har fått høgare kostnader for prosjekt innan universell utforming.

Fylkesrådmannen foreslår at til at den samla ramma for Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg vert auka med 10 mill. kr. Fylkesrådmannen vil kome attende til fordeling på einskildprosjekt i eiga sak innanfor ei justert ramme på 110 mill. kr.

Årstad videregående skole – tilbygg/rehabilitering

Rehabiliteringa/ ombygginga av bygg A og B er i all hovudsak ferdigstilt, og er tatt i bruk til skulestart i haust. Det står att noko mindre arbeid ute som vil bli ferdigstilt i haust og sommaren 2017. Prognosen er at prosjektet, med dei tiltak som er planlagt, endar innanfor ramma som er løyvd på kr 651,46 mill.kr. Bygg C treng også ein rehabilitering. Dette arbeidet er i framlegg til skulebruksplan planlagd ferdig i 2025 som eige prosjekt. Fylkestinget auka løyvinga til dette prosjektet med 45 mill. kr i samband med rapporten etter 1. tertial – løyvinga i 2016 er etter dette 91 mill. kr.

Nye Voss gymnas

I budsjettet for 2016 er det sett av 270 mill. kr til nye Voss gymnas. Arbeidet er i godt gjenge og det er ikkje venta avvik i forhold til framdrift på prosjektet. Sluttprognosen tyder på at prosjektet vil bli ferdigstilt innanfor

totalbudsjettet. Produksjonen er høg og gjennomsnittleg kostnad pr. måned er vesentleg og ein kan difor likevel få noko regnskapsmessige avvik ved årsskiftet.

#### Nye Voss vidaregåande skule

I budsjettet for 2016 er det ført opp 181 mill. kr til ferdigstilling av nye Voss vidaregåande skule på Skulestadmoen, og samla løyving til prosjektet er 549 mill. kr. Ein legg og til grunn at det i tillegg vil bli gjeve tippemidlar til skulen på 6 mill. kr. I framlegg til skulebruksplan er anleggsgartnarutdanninga flytta frå Hjeltnes vidaregåande skule til Nye Voss vidaregåande skule. Dette vil gjera det naudsynt å etablera ein mindre arbeidshall for denne utdanninga. Det er tilstrekkelig midlar i prosjektet til ein slik hall sjølv om løyvinga for 2016 vert redusert med 10 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår ut frå dette å redusera løyvinga i 2016 med 10 mill. kr til 171 mill. kr.

#### Åsane vidaregåande skole

Romprogrammet for Nye Åsane vidaregåande skole blei vedtatt i juni 2016 med ei total prosjektramme på 980 mill. kr. Framdrifta går som planlagt med ferdigstilling av skulen til skuleåret 2020/2021. Skulen blir gjennomført i ein design/kost entreprise på lik linje med dei nye skulane på Voss. Leverandør og design for prosjektet vil vera avklart i løpet av 2016. Løyvingane så langt er høgare enn forbruket og med bakgrunn i dette rår fylkesrådmannen til at årets løyving på 20 mill. kr bør flyttast frå budsjettet for 2016 til budsjett for 2017. Fylkesrådmannen foreslår å ta ut løyvinga på 20 mill. kr i 2016 og kjem attende til prosjektet i budsjettet for 2017.

#### Tertnes vidaregåande skole

Romprogrammet blei vedtatt i februar 2016 med ei total prosjektramme på 210 mill. kr. Framdrifta er stram, men går som planlagt med ferdigstilling av tilbygget til skuleåret 2018/2019. Etter planlagt framdrift skal byggearbeida starta tidleg i 2017. For inneverande år er det løyvd 40 mill. kr til prosjektet, men ettersom byggearbeida ikkje startar før i 2017 vil ein ha eit lågare forbruk i 2016 enn budsjettet. Med bakgrunn i dette rår fylkesrådmannen til at løyvinga for inneverande år vert redusert med 35 mill. kr – til 5 mill. kr.

#### Bergen Katedralskole – tilbygg

I 2016 er det budsjettet med 65 mill. kr til dette prosjektet, og fylkesrådmannen reknar ikkje med avvik. Framdrifta går som planlagt og rehabilitert hovudbygning og nytt universelt utforma mellombbygg vil vera klart hausten 2017. Fyrste halvår av 2018 vil «klasseromsbygninga» verta noko rehabilitert slik at byggearbeida skal vera ferdigstilt til skuleåret 2018/2019.

## Samferdsel

#### Bussanlegg Sunnhordland

Det er kjøpt eigedom på Stord og på Bømlo til nye bussanlegg. Byggearbeida er godt i gang på Stord og på Bømlo er arbeidet nyleg starta opp. Begge prosjekta vil vera ferdigstilt sommaren 2017. Sluttprognosen tyder på at prosjektet vil bli ferdigstilt innanfor totalbudsjettet. I høve til kostnadar vil meir av kostnadane kome i 2017 enn det som før er lagt til grunn. Fylkesrådmannen legg til grunn at 20 mill. kr bør flyttast frå budsjettet for 2016 til budsjett for 2017 og foreslår ut frå dette reduksjon i budsjettet for 2016 med 20 mill. kr – til 39 mill. kr.

#### Terminalbygg/ sjåførfasiliteter

Det har ikkje vore så stort behov for løyving på denne posten som rekna med ved utarbeiding av budsjettet. Fylkesrådmannen foreslår å redusera løyvinga med 4 mill. kr slik at det står att 1 mill. kr til siste tertial.

#### Kjøp av tomt frå HFK Bussanlegg AS

I budsjettet for 2015 var det løyvd 25 mill. kr til kjøp av tomt for bussanlegg i Nordhordland. Bakgrunnen for løyvinga var at bussanlegget i Nordhordland var plassert i leigd anlegg utan rett til vidare leige og alternative løysingar måtte difor utgreiast. Ein var mellom anna i dialog med Lindås kommune om ei konkret tomt.

Etter at løyvinga var gjeven vart den kommunale tomta seld til andre. Samstundes viste det seg at det var mogleg å få kjøpe aksjane i selskapet som eigde anlegget ein då leigde. Kjøpet av aksjane, via selskapet HFK Bussanlegg AS, vart godkjent av fylkestinget i desember 2015 i sak 102/2015.

Som ein del av kjøpet fekk ein og med seg ei ubebygd tomt som ikkje vert nytta til bussanlegget. Gjeldande planar for bussanlegget i Nordhordland tilseier at framtidig bruk av tomta ikkje vert i samsvar med eigarselskapet HFK Bussanlegg AS sine føremål og vedtekter. Tomta er difor skilt ut i eit eige aksjeselskap; HFK Tomt Knarvik AS. I samband med opprettinga av dette nye selskapet er prisen for tomta rekna til 12,3 mill. kr. HFK bussanlegg AS sine vedtekter og føremål tilseier at selskapet HFK Tomt Knarvik AS bør avhendast – i alle fall innan utgangen av 2016.

Bruken av tomta er enno ikkje avklart. Fylkesrådmannen foreslår at fylkeskommunen i denne omgangen kjøper selskapet HFK Tomt Knarvik AS, og at ein kjem attende til bruken av tomta. Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 12,3 mill. kr til å kjøp av aksjane i selskapet HFK Tomt Knarvik AS, slik at ein får tid til å vurdera framtidig bruk av tomta opp mot aktuelle fylkeskommunale behov.

#### Nonneseterterminal – løyving til kjøp av eigedom

Fylkestinget godkjende i juni 2015, sak 44/15, avtale med Bergen kommune om kjøp av terminalanlegget på Nonneseter for 20 mill. kr. Kjøpesummen er utbetalt i 2016.

I fylkestingsaka vart det vist til løyvingar som tidlegare er gjort i samband med opprusting av busstasjonen; det vil seia midlar budsjettert i perioden 2011-2013. I mellomtida har Kommunal- og moderniseringsdepartementet presisert at investeringsbudsjettet er eitt- årig. Dette på same måte som driftsbudsjettet. Om midlar ikkje vert nytta det året dei først var budsjetterte, bør dei budsjetterast på nytt det året dei kjem til utbetaling. Ut frå dette finn fylkesrådmannen det mest ryddig å føre opp 20 mill. kr til kjøp av terminalanlegget på Nonneseter i budsjettet for 2016.

I samband med opprustinga av busstasjonen vart det inngått avtale med Statens vegvesen om at fylkeskommunen forskotterte 60 mill. kr. Midlane skulle tilbakebetalast i perioden 2014-2017. Ein har fått opplyst at 15 mill. vil bli tilbakebetalt i 2016 og resten i 2017. Dermed kan ein føre opp ei innbetaling på 15 mill. kr i 2016-budsjettet.

#### Bybanen – vognmateriell

I budsjettet for 2016 er det sett av 124,3 mill. kr til investering i bybanevogner. Rekneskapsutviklinga gjennom 2016 har vist at ein ved utarbeiding av budsjettet ikkje hadde fullt oversyn over kva kostnader som ville gå med. I samband med utarbeiding av rapport for 2. tertial er det teke ein grundig gjennomgang av kostnadsbehovet i år og for 2017 for vognkjøp i år og det komande forlengingsarbeidet av dei 20 første vognene.

Gjennomgangen av rekneskap og prognosar syner at forbruket i 2016 kan verta på 230 mill. kr – 105,7 mill. kr meir enn budsjettet. Straks fylkesrådmannen vart kjent med dette, hadde han gjennomgang med direktøren for Bybanen AS for å forvissa seg om at ein no har fullt oversyn over kostnadene. Det har vidare vore gjennomgang og kvalitetssikring av tala mellom Bybanen AS og samferdselsavdelinga. Noko av bakgrunnen for at ein får så stor overskriding er utforminga av kontraktane der kompensasjon for prisauke gjennom byggeperioden kjem som del av sluttoppgjøret. Dette hadde ein ikkje fanga godt nok opp ved utarbeiding av budsjettet. I tillegg kjem verknaden av høgare eurokurs enn lagt til grunn.

Kostnaden på 230 mill. kr er sett saman av fylgjande postar:

Sluttbetaling av 8 nye vogner og delbetaling av vogner som skal forlengast. Av dette sluttbetaling for 5 forlenga vogner	17,7 mill. €
Prisauke i samsvar kontrakten på nye vogner og på 5 forlenga vogner som er føresettt ferdigstilte i 2016	5,7 mill. €
Innkjøp av reservedelslager	0,5 mill. €
Endringsordrar	0,1 mill. €
Bonusutbetaling til Stadler for leveranse av nye vogner	0,1 mill. €
Sum	24,1 mill. €
Euro-kurs kr 9,50	229 mill. kr
Andre kostnader som diverse innkjøp og reiser	1 mill. kr
Sum kostnader	230 mill. kr

Gjennomgangen viser at det står att å løyva 73 mill. kr i 2017. Føresetnaden er knytt opp til at avtala tidsplan for leveranse i 2016 held.

Fylkesrådmannen vil i 1. tertialrapport 2017 koma attende med oversyn over dei samla investeringskostnadene for bybanevognene. Då vil ein ha oversyn over kva arbeid som står att, og skal gjennomførast i 2017. Ein vil då ha oversyn over kostnader med kjøp av 28 vogner og kostnader for forlenging av 20 vogner.

## Fylkesveggar

Fylkesrådmannen vil nedanfor gje ein kort statusrapport for strekningsvise prosjekt, programområda, standardhevingstiltaka og rassikringsprosjekta.

## Bergensprogrammet – store prosjekt

### Ringveg Vest byggetrinn 2

Prosjektet vart opna for trafikk hausten 2015. Etter tilleggsløyving på 20 mill. kr i samband med rapporten etter 1. tertial er prosjektet no avslutta. Ein føresetnad for tryggleiksgodkjenning av Ringveg Vest var oppgradering av Lyderhorntunnelen til same standard som Knappetunnelen, når det gjeld ventilasjon, elektro, overvaking, naudstasjonar o.a. Dette arbeidet vil halda fram til våren 2018.

Samla kostnader for dette prosjektet inkludert oppgradering av Lyderhorntunnelen ligg godt under styringsramma.

### Hjellestadvegen

Godkjent reguleringsplan ligg føre, og det er venta utlysing av prosjektet mot slutten av 2016 med anleggstart våren 2017.

## Programområda i Bergensprogrammet

Regionvegsjefen melder om venta mindreforbruk på 133 mill. kr i høve til det vedtekne byggeprogrammet. Det er særleg prosjekt som delvis er finansierte med belønningssmidlar det er venta mindreforbruk for. Desse midlane vert overførde frå år til år og følgjer prosjektet til det er avslutta. Elles er årsakene til at prosjekta tek lengre tid behov for reglueringsendringar, omprosjekteringar og utfordringar knytt til grunnnerv.

Fylkesrådmannen vil gjera budsjettendringar innanfor dei ulike programområda i samsvar med fullmakt.

## Strekningsvise prosjekt utanom Bergen

### Kvammapakken (Kvam)

Prosjektet Nes – Norheimsund er under bygging og fyrste delstrekning vert ferdigstilt i desse dagar. Siste delstrekning (Evigheitssvingen – Norheimsund) av prosjektet skal lysast ut, men det står att å avklara i kva grad det må reguleringsendringar til. Det er m.a. meir utfordrande grunntilhøve enn rekna med. Prognosen for 2016 tilseier at budsjettet kan reduserast med 50,8 mill. kr, der 35,8 mill. kr er bompengar. Det står då att 49,2 mill. kr til Kvammapakken i 2016.

### Bømlopakken (Bømlo)

Framdrifta i Bømlopakken er raskare enn planlagt for nokre prosjekt, men det er ikkje varsla om meirforbruk etter 2. tertial.

Reguleringsplan for strekninga Sakseid – Hestaneset er venta godkjent i år. Strekninga Tjong – Løvegapet er utlyst i september og venta ferdigstilt i løpet av hausten 2017. Prosjektet Stokkabekken – Siggjarvåg er også under bygging og framdrifta og økonomi er også her i samsvar med planen.

### Grindavoll – Lepsøy (Os)

Arbeidet på strekninga Grindavoll – Vågshaugen er i gang og skal slutførast i 2017. Det pågår vidare prosjektering av mindre tiltak på Lepsøy. Prognosen for 2016 er at det vil gå med noko mindre enn løyvinga, og fylkesrådmannen foreslår ut frå dette å redusera budsjettet med 16,9 mill. kr til 30 mill. kr.

### Haugalandspakken Sveio-Buavåg (Sveio)

Prosjektet starta i april og er i stor grad finansiert med bompengar. Framdrifta tilseier at budsjettet samla kan reduserast med 5 mill. kr der 4,1 mill. kr av reduksjonen er bompengefinansiert. Samla løyving for 2016 vil etter dette vera 10,3 mill. kr.

### Hosanger sentrum (Osterøy)

Prosjektet er ferdigstilt, og sluttoppgjør med entreprenør og noko grunnerverv står att.

### Åsen – Helleskaret (Os)

Reguleringsplan for fylkesveg mellom Åsen og Helleskaret er vedteken av Os kommunestyre. Planen gjeld ei 1300 meter ny vegstrekning med to felt som vert tilkomstveg frå Søvika /Helleskaret til den nye E39. Vegen vil og kunne binde saman boligområda ved Lysefjorden og industriområdet i Endelausmarka. Planen inneheld separat gang – og sykkelveg, kryss og ny tilkomstveg med fortau til bustadområdet Hellebakkane. Vegen vil avlaste noverande Fv 161 og Fv 163. Prosjektkostanden er stipulert til 61 mill. kr. Os kommune skal dekke 2/3 (34,1 mill. 2016-kr) etter frådrag av mva. Resten skal dekkast av Hordaland fylkeskommune. For 2016 er det trong for 4 mill. kr til prosjektering. Fylkesrådmannen skal inngå avtale med Os kommune om finansieringsplanen.

### Stord vestsida (Stord, Fitjar)

Prosjektering for strekninga Rimbareid – Vik er seinka som følgje av utfordringar knytt til ytre miljø og grunnerverv. Utløysing av prosjektet er planlagt til seinhausten i år. Budsjettet kan etter dette reduserast med 28,3 mill. kr, der 24,8 mill. kr er finansiert med bompengar. Det vil etter dette stå att 6,7 mill. kr av løyvinga for 2016. Det er vidare under planlegging utbetningsarbeid i Fitjar sentrum.

### Askøypakken (Askøy)

Prosjektering og grunnerverv har teke lengre tid enn lagt til grunn. For nokre prosjekt er det også behov for å gjera reguleringsendringar. Ut frå dette kan budsjettet for Askøypakken for 2016 reduserast med 42 mill. kr der 33 mill. kr er bompengefinansiert. For 2016 er løyvinga til Askøypakken etter dette 42,5 mill. kr. Prosjekta Lindhaugen – Slettebrekka og Slettebrekka – Heltevik vert starta opp i haust.

Kollektivterminal Voss

Framdrifta for dette prosjektet er seinka som følgje av at det står att avklaringar av finansieringa på statleg side, har medført uføresette utfordringar. For 2016 kan budsjettet difor reduserast med 20 mill. kr til 3 mill. kr.

Askøybrua – fysiske tiltak

Det er venta eit mindreforbruk på 4 mill. kr for dette prosjektet og fylkesrådmannen foreslår å redusera løyvinga med denne summen – til 7 mill. kr. Det er motteke anbod for arbeidet og kontrakt om utføringa er inngått. Det er valt ei løysing med å setje nytt rekkverk oppå det eksisterande rekkverket på brua.

**Programområde utanom Bergen og Standardhevingstiltak**

For programområda utanom Bergen er venta eit mindreforbruk på knapt 33 mill. kr. Årsakene til dette er ulike der grunnverv, uklare eigedomstilhøve, manglande planavklaringar og behov for reguleringsendringar skil seg ut.

Innanfor programområdet Mindre utbetringar kjem ein ikkje i gang med prosjektet Aga – Kråkevik i Ullensvang ettersom Fv 550 er omkøyringsveg ved stenging av Rv 13 ved Deildo der det pågår utbetningsarbeid som krev hyppig stenging av vegen.

Innanfor standardhevingstiltaka er det sett av midlar til oppgradering av tunnelar i samsvar med tunellsikkerheitsforskrifta. Den manglande prosjekterings- og byggherrekapasiteten som regionvegsjefen varsla i 1. tertialrapport gjer at ein ikkje kjem i gang med dette arbeidet i det omfanget ein la til grunn ved utarbeiding av budsjettet. Som nemnt i rapporten etter 1. tertial er det frå statleg hald sett frist om gjennomføring av dette arbeidet innan 2025, og seinking av oppgraderingsarbeidet no, vil pressa investeringsbudsjettet seinare år. Fylkesrådmannen har merka seg at regionvegsjefen har sett i verk tiltak for å betra denne stoda ved å tilsetja nye byggeleiarar innan tunnel og elektro.

**Rassikring**Haukanesberget (Granvin)

Prosjektet er ferdig og det står att sluttoppgjjer.

Lussandberget (Granvin).

Prosjektet vert ferdigstilt i desember 2016. Mindre arbeid og sluttoppgjjer kjem i 2017. Totalprognosen for prosjektet er innanfor opphavleg kostnadsramme.

**Bybanen**

Byggetrinn 3 – strekninga Lagunen – Birkelandsskiftet – vart sett i drift 15. august i år, men er ikkje endeleg avslutta og oppgjort økonomisk. Opphavleg budsjett for Byggetrinn 3, inkludert ny verkstad og depot, var på kr 3 603 mill. 2013-kr i stortingsproposisjonen om Bergensprogrammet. Ved utgangen av 2. tertial er sluttprognosen på knapt 3 750 mill. 2013-kr. I løpande kroner er kostnaden 4 200 mill. kr. Sluttprognosen er innanfor storleiken på overskriding i høve til opphavleg budsjett på 150-200 mill. kr som er varsla tidlegare. Sluttoppgjjeret vil koma i 2017.

For 2016 ser det for byggetrinn 3 pr. 2 tertial ut til å verta eit meirforbruk på 100 mill. kr i forhold til opphavleg budsjett, til totalt 450 mill. kr. For byggetrinn 4 ser det derimot ut til å gå mot eit mindreforbruk på same sum. Budsjettet for dette byggetrinnet kan då halverast til 100 mill. kr. Stortinget har godkjent at det kan nyttast inntil 200 mill. kr av bompengane i Bergensprogrammet til byggetrinn 4. Prognosen for 2016 er altså at halvparten av denne summen vil gå med i år.

Fylkesrådmannen foreslår å auka løyvinga til byggetrinn 3 med 100 mill. kr mot tilsvarende reduksjon av løyvinga for byggetrinn 4.

## Kultur

Det er sett av 3 mill. kr til restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige. Summen vert nytta til restaureringsarbeid ved Stend hovudgard og eit prosjekt på Hjeltnes og fylkesrådmannen reknar ikkje med avvik.

## Tannhelse

### Ombygging/nybygg

I budsjettet for 2016 er det budsett med 20 mill. kr til tannklinikkar. Midlane vert nytta til bygging av nye Askøy tannklinikk, som etter planen skal vere ferdig 1. kvartal 2017.

## Fellesfunksjonar

### Fylkeshuset – ombygging/ opprustning

Dei største investeringane er knytt til ombygging av resepsjonslokale, fylkesutvalssal, etablering av sykkelfasilitetar og ombygging i samband med organisasjonsendringar.

### Profilering av eigedomar

I budsjettet for 2016 er det sett av 6 mill. kr til sluttløyving. Samla forbruk vert lågare enn dette, og fylkesrådmannen rår til at løyvinga vert halvert til 3 mill. kr.

### IT-fellessystem

Løyvinga er på 23 mill. kr og det er ikkje meldt om avvik i forhold til ramma pr. 2 tertial.

## Oversyn over budsjettendringar – investeringar

Under er tabell som summerer opp alle justeringane som vert gjort på investeringssida etter 2. tertial.

	<u>1000 kr</u>
Eigedomsavdelinga: byggeprosjekt/eigedomskjøp	-49 700
Vegar	-163 000
Bybanevogner	105 700
<hr/> Endring utgifter	<hr/> -107 000
 Finansiering:	
Refusjon frå staten	15 000
Momskompensasjon	-49 000
Bompengar	-97 700
Lån	-9 300
Disposisjonsfond (del av overskot)	34 000
<hr/> Endring finansiering	<hr/> -107 000

## Drift

### Revidert nasjonalbudsjett

Stortinget vedtok ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2016 å auke lærlingtilskotet med kr 2 500 per kontrakt frå 1. juli. Som følgje av dette vert rammetilskotet for Hordaland auka med kr 2 449 000. Same summen vert foreslått plussa på i budsjettet for lærlingtilskot.

Frå 1. januar 2016 vart det innført vegbruksavgift på naturgass. Ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett vedtok Stortinget å ikkje sette i verk vegbruksavgifta på naturgass. Dermed vert kompensasjonen som er lagt inn i rammetilskotet trekt attende. Budsjettert rammetilskot for Hordaland må dermed reduserast med 24,32 mill. kr. Det vert gjort framlegg om tilsvarende reduksjon i budsjetterte utgifter til bussruter.

### **Kvartalsvis rapportering og arbeid med tiltak**

Fylkesrådmannen har innført ordning med kvartalsvis rapportering for å følgja budsjettstyringa tettare. Det vert utarbeidd kvartalsvise rapportar frå kvar avdelingsdirektør til fylkesrådmannen med etterfølgjande møte for gjennomgang av rapporten. På møta er det stort fokus på avvik i forhold til førre prognose og oppfølging av tiltak frå førre rapportering.

### **Politiske organ og administrasjon**

Det er utarbeidd verksemdsstrategi for fylkeskommunen, som vert handsama av fylkesstinget i oktober. Strategien er ei vidareføring av m.a. arbeidet med «Førebudd på framtida». Mellom anna skal dette arbeidet bidra til å styrka økonomien til HFK. Som ein del av arbeidet er det utarbeidd avdelingsvise strategiar og ein av strategiane for Økonomi- og organisasjonsavdelinga er å bidra til ein sunn og berekraftig økonomi basert på tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing. Det er særleg merksemd på gevinstrealisering.

Ein større endring som er under arbeid er implementering av eit nytt økonomisystem. Dette er i rute, og systemet vil vera på plass 1. januar 2017. 4 ulike økonomisystem vil då verta erstatta av eitt nytt integrert system som samla innehar funksjonane i dei 4 gamle.

Samla sett er det god budsjettkontroll for dei sentrale administrasjonsbudsjetta. Årsprognosen er eit overskot på 5 mill. kr.

Det vert elles vist til den vedlagte økonomirapporten frå økonomi- og organisasjonsavdelinga.

### **Fellesfunksjonar/lønsavsetjing**

Etter 1. tertial vart det meldt om ei forventa innsparing på lønsavsetjingskontoen på knapt 10 mill. kr. Dette bygde på utrekningar frå KS om at årslønsveksten frå 2015 til 2016 ville bli 2,4 %. I budsjettet er det lagt inn ein vekst på 2,7 %.

Ein har førebels ikkje nye opplysningar. Lokale lønsforhandlingar pågår i desse dagar. Dei nye prognosane frå pensjonsselskapa kjem i løpet av september.

### **Opplæring**

Prognosen for opplæringssektoren samla er ei budsjettoverskriding på 53 mill. kr noko som er 10 mill. kr meir enn ved førre tertialrapportering. Endringa frå førre tertialrapportering er knytt til auka kostnader til vaksenopplæring, og noko meir forbruk på skulane. Det er framleis uvisse med denne prognosen og under er ein oppstilling som kort forklarar avviket så langt i år.

For skulebudsjetta samla ser det ut til å gå mot budsjettoverskriding på 36 mill. kr. Omlag 12 mill. kr av meirforbruket vert dekkja ved overføringar frå driftsfond ved skulane. Samla sett er difor prognosen for dei vidaregåande skulane omlag 25 mill. kr i meirforbruk. Det er mange ulike årsaker på kvar enkelt skule til dette budsjettavviket, og fylkesrådmannen har sett i verk ein prosess for å innføre naudsynte tiltak tilpassa kvar enkelt skule. Tiltaka frå rapporteringa i 1 kvartal vart følgd opp i den kvartalsvise gjennomgangen for 2 kvartal. Desse vart revidert, og nye naudsynte tiltak vart sette i verk.

For lærlingar ser det ut til å gå mot budsjettoverskriding på om lag 16 mill. kr. Dei usikre økonomiske tidene i verksemdene fører til både usikkerhet for talet på læreplassar og meirkostnadar i samband med at Hordaland fylkeskommune må starte fleire Vg3 tilbod. Auka satsar på lærlingtilskot fører til meirkostnad i forhold til budsjettet. Satsane for lærlingtilskot er auka, og fylkesrådmannen foreslår tilleggsøyving på knapt 2,5 mill. kr som følgje av dette.

Det er også ei budsjettoverskriding på om lag 7 mill. kr knytt til at vaksenopplæring blir meir omfattande enn budsjettet. I tillegg er det auka kostnader til fagprøver og lisensar på om lag 4 mill. kr.

Fylkesrådmannen er uroleg for utviklinga innan opplæringssektoren. Sjølv om prognosen om meirforbruk på 53 mill. kr prosentvis er liten samanlikna med det store budsjettet, er det urovekkjande at prognosen forverrar seg samanlikna med 1. tertial. For totaløkonomien er det avgjerande å få kontroll med kostnadsutviklinga i opplæringssektoren. Det er difor viktig å halda fram med budsjettstyringa og nye tiltak i skulane, og i opplæringssektoren elles. Fylkesrådmannen vil framleis følgja utviklinga tett, ikkje minst ved grundig gjennomgang av kvartalsrapportane frå fylkesdirektør opplæring.

Det vert elles vist til den vedlagte økonomirapporten frå opplæringssektoren.

### **Tannhelsetenesta**

I tertialrapporten etter 1. tertial til fylkestinget i juni, gjekk det fram at fylkesrådmannen ville vurdere budsjettet for tannhelsesektoren og foreslå tiltak i rapporten etter 2. tertial. Etter 1. tertial såg det ut til å gå mot eit negativt budsjettavvik på 9 mill. kr. Dette er framleis stoda etter 2. tertial.

Ved oppstart av Tannhelsetenesta kompetansesenteret Vest/Hordaland (TkVest/Hordaland) i 2012 var det lagt til grunn at drifta etter noko tid i stor grad ville verta finansiert av inntekter frå behandlinga ved senteret. Inntektsbudsjettet for kompetansesenteret vart av den grunn auka gradvis i budsjetta for 2014 og 2015. Frå 2016 var det lagt til grunn at drifta «hadde sett seg» og at inntektsbudsjettet var på «rett nivå».

Fylkesrådmannen har – slik det vart varsla i tertialrapporten etter 1. tertial – hatt ein gjennomgang av budsjettet for tannhelsetenesta og særskilt det som gjeld TkVest/Hordaland. Det viser seg no at dei føresetnadene ein la til grunn ved oppstarten – og som inntektsbudsjettet er tufta på – ikkje har slått til i så stor grad som venta. Dette er noko av bakgrunnen for det negative budsjettavviket nemnt ovanfor. Årsaksbiletet er samansett, men ei årsak til avviket er vanskaner som har vore med å få tilsett nøkkelpersonell innan ulike fagområde. Dermed får ein heller ikkje fakturert for desse spesialisttenestene og inntektene uteblir, samstundes som ein må kjøpe tenester eksternt. Fylkesrådmannen vil gå nærare inn på dette, og har bede fylkeskommunen sin revisjon sjå særleg på dette ved interimrevisjonen som vert gjennomført i haust.

For å kompensere for ein feilpostering i budsjettet for 2014, der 6 mill. kr av dei statlege stønadsmidlane vart feilført i det fylkeskommunale driftsbudsjettet, foreslår fylkesrådmannen ei tilleggsøyving på 6 mill. kr til TkVest/Hordaland i budsjettet for 2016. Sjølv med denne tilleggsøyvinga går det mot eit negativt budsjettavvik og fylkesrådmannen vil ha tett oppfølging av økonomien for tannhelsetenesta m.a. gjennom kvartalsrapporteringa.

Frå 2017 vert det teke i bruk nytt økonomisystem. For å unngå å føra for mykje av gamle data frå det gamle til det nye systemet, er ein i ferd med å gjennomgå m.a. uteståande postar – både i tannhelsetenesta og i andre avdelingar. Gjennomgangen har vist at rutinane ein har hatt for fakturering og bortskrivning ikkje har vore gode nok, slik at ein no skriv bort ein del krav som burde vore skrivne bort tidlegare. Det vert lagt opp til nye rutinar ved innføring av nytt system for å sikre at fakturering og bortskrivning av krav skjer fortløpande. Sidan ein no tek ei opprydding, vert storleiken på bortskrivne krav i 2016 større enn i eit normalår.

For tannhelsetenesta er det så langt bortskrive oppsamla krav på 7,4 mill. kr som er knytt til perioden 2005-2014. Fylkesrådmannen vil koma attende til finansiering av dette i samband med årsoppgjeret for 2016. Det vil vera naturleg at ein stor del av dette vert finansiert av tannhelsetenesta sine fellesfond.

Fondsoppbygginga har skjedd basert på bokførte inntekter som det no viser seg ein likevel ikkje får inn og fylkesrådmannen meiner difor at det kan forsvarast at avsette fond dekker noko av dette, men ein vil som nemnt koma attende til dette i årsoppgjeret.

Det vert elles vist til den vedlagde økonomirapporten frå tannhelsesektoren.

### **Regional utvikling**

Regionalavdelinga ser ut til å gå mot balanse mellom budsjett og rekneskap ved utgangen av året. Dette er også prognosen som avdelinga har meldt inn. Dette er ein relativt sett positiv prognose i og med at budsjettet for regionalavdelinga vart noko redusert i 2016 samanlikna med 2015.

Det vert elles vist til den vedlagte økonomirapporten frå regionalavdelinga.

### **Konsesjonskraftinntekter**

Det er budsjettert med netto inntekt på 50 mill. kr i 2016. Prognosen for 2016 er på vel 40 mill. kr etter 2. tertial. Det ser dermed ut til å gå mot svikt i budsjettet for konsesjonskraftinntektene.

Kraftprisane har vore låge den siste tida og det er ikkje teikn på at dei vil stiga med det først. Tvert om er det fleire som tek til orde for at det er kome eit varig lågare prisbilete innanfor kraftsektoren.

### **Samferdsel**

#### Fylkesvegvedlikehald

Regionvegsjefen melder at det kan gå mot ei overskriding for vegvedlikehaldet også i 2016. Det er venta eit samla meirforbruk på 3,2% i høve til den samla løyvinga for 2016. Dette skuldast i hovudsak at prognosane for driftskontaktane for Nordhordland og Sunnhordland viser eit meirforbruk på i storleiken 2,5 og 4,5 mill.kr. I tillegg er det venta 4,0 mill. kr i kostnadsauke på tunneldrifta i Bergen. Elles er det varsla eit lite meirforbruk for nokre andre av driftskontaktane. Deler av overskridinga skuldast etterverknader av tidlegare stormar.

Samla er prognosen eit avvik på 15 mill. kr for fylkesvegvedlikehaldet. Fylkesrådmannen legg til grunn at regionvegsjefen styrer vedlikehaldet mest mogeleg innanfor budsjetttramma.

#### Kollektivtransport

Talet på reisande er aukande og inntektssida viser ein positiv tendens samanlikna med budsjettet. Så langt er prognosen ei inntektsside som er 14 mill. kr over det som er budsjettert. Det er framleis grunn til å tru at innføringa av tidsdifferensierte bompengar i Bergen frå 1. februar 2016, har bidrege til denne positive utviklinga.

I budsjettet for 2016 er det sett av 10 mill. kr til taktsamordning med NSB på strekninga Bergen-Arna. Avtale om samordning vil truleg ikkje verta realisert i 2016, og dette vil i år bidra til eit positivt avvik.

Fylkesdirektør samferdsel melder også om noko lågare kostnader m.a. som følgje av lågare indeksregulering på transportkontraktar. Prognosen så langt er at dette kan gje noko innsparing. I prognosen er det teke omsyn til at det kjem tilleggskostnader med oppstart av bybanedrift til Birkelandsskiftet og tilhøyrande bussopplegg fram til Flesland. Skuleskyssutgiftene ser ut til å auka noko. Samla er dermed prognosen for kollektivtransporten 41 mill. kr betre enn det som er budsjettert.

Som nemnt vedtok Stortinget ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett å ikkje sette i verk vegbruksavgifta på naturgass. I samsvar med dette foreslår fylkesrådmannen reduksjon i budsjetterte utgifter til bussruter på 24,32 mill. kr.

#### Totalt samferdelsektoren

Med negativt avvik for fylkesvegvedlikehald på 15 mill. kr og positivt avvik for kollektivtransporten på 41 mill. kr, vert prognosen pr. 2. tertial for samferdselsområdet positiv; 26 mill. i høve til budsjett. Dette er ein betring på 6 mill. kr. i høve til rapportering for 1. tertial.

Fylkesrådmannen er tilfreds med utviklinga innanfor kollektivtransporten, og sektoren generelt. Det har dei siste åra vore til dels store avvik frå budsjettet, og det positivt at ein no har klart å snu dette til samla positive prognosar. Det vert elles vist til den vedlagte rapporten frå sektoren.

### **Kultur og idrett**

Kultur og idrettsbudsjettet rapporterer ei prognose som er i samsvar både med budsjettet og med førre prognose. Som tidligare er store delar av utgiftene er knytt til dei løyvingar som er tildelt sektoren og inntektene er relativt stabile og i samsvar med vedteke budsjett. Det er difor relativt liten usikkerhet knytt til prognosen for kultur og idrett.

Den statlege løyvinga til tiltaket Den kulturelle spaserstokken vart i statsbudsjettet for 2016 lagt inn i rammetilskotet til fylkeskommunane. Dette er så langt ikkje retta opp i fylkeskommunen sitt budsjett og fylkesrådmannen foreslår at budsjettet for kulturområdet vert auka med 3 mill. kr slik at tiltak i Hordaland innanfor denne ordninga er finansiert.

Fylkesrådmannen viser elles til den vedlagde rapporten for kultur- og idrettsavdelinga.

### **Eigedom**

Eigedomsavdelinga rapporterer eit forventa meirforbruk i 2016 på 4 mill. kr. Dette er 1 mill. kr. betre enn ved 1. første tertial. I tillegg kjem kostnader ved overtaking av ansvar for reinhald ved vidaregåande skular, og drift av det nye anlegget på Kokstad med til saman 4 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår at denne summen vert kompensert ved ei tilleggløyving, jf. nedanfor.

Hovudårsaka til avviket på 4 mill. kr er knytt til husleige – både meirkostnader som følgje av at bygg ikkje lenger er i bruk til opplæring og innsparingskravet i budsjettet for administrasjonsbygg. Avdelinga arbeider med å finne kompensierende tiltak, og melder om innsparing knytt til driftsleiartenesta ved skulane, forsikring og einskilde område innan drift av eigedomar innafor samferdsle.

Ansvaret for reinhald ved skulane skal flyttast frå opplærings- til eigedomsavdelinga. Prosessen er i gang frå i haust med ansvarsoverføring skule for skule for å sikre god gjennomføring. Det er lagt opp til at overføringa skal vere gjennomført fullt ut frå 2017. Fylkesrådmannen vil ta omsyn til dette i budsjettet for 2017 ved å fordela om midlar mellom avdelingane opplæring og eigedom. For 2016 er kostnadane ved å starta opp overtaking av reinhaldsansvaret ikkje rekna med. Fylkesrådmannen foreslår at dette vert kompensert gjennom ei tilleggløyving på 2,5 mill. kr i tertialrapporten.

Innan kollektivområdet har eigedomsavdelinga fått auka ansvar for drifta av det nye anlegget til bybanen på Kokstad. Dette er det ikkje teke omsyn til i budsjettet for 2016 og fylkesrådmannen foreslår at budsjettet vert auka med 1,5 mill. kr i for dette. Samla foreslår fylkesrådmannen dermed tilleggløyving på 4 mill. kr til eigedomsavdelinga.

Fylkesrådmannen viser elles til den vedlagde rapporten for eigedomsavdelinga.

### **Skatt og rammetilskot**

Skattetala pr. 2. tertial er ikkje klare enno, men utviklinga frå 1. tertial til 2. tertial har vore god. Pr. 1. tertial var prognosen 15 mill. kr. i underskot på dette området. Pr. juni vart prognosen betra til balanse. Den vidare positive trenden, og det auka skatteanslaget i revidert nasjonalbudsjett, tilseier von om eit positivt resultat ved årets slutt. Det er framleis noko usikkerheit, og to større skattemånadar igjen av året, men fylkesrådmannen legg no til grunn årsprognose om eit positivt resultat på 20 mill. kr.

Spesifikt vert skatteinngangen vurdert til å enda opp kring det som er budsjettert, medan prognosen er at HFK kjem betre ut i utjamninga av skatteinntektene mellom fylkeskommunane.

Årsprognosen samla sett på skatteområdet vert pr. 2. tertial sett til eit overskot på 20 mill. kr.

### Pensjonskostnader

Hordaland fylkeskommune legg ved 2. tertial til grunn at berekningane til pensjonsleverandørane KLP og Statens Pensjonskasse ved budsjetteringa av pensjonskostnadane i 2016 framleis held seg. Ein har ikkje nye tal eller føresetnader som skulle avvika frå det som ligg i budsjettet. Prognosen er då at kostnadsprognosane frå pensjonsleverandørane ikkje endrar seg på slutten av året, og at HFK difor ikkje får større budsjettavvik på dette området. Årsprognosen på dette området vert difor sett til balanse.

### Renter og avdrag

Etter 1. tertial vart det meldt om ei innsparing på opp mot 15 mill. kr. Det har ikkje skjedd store endringar sidan den tid. Men etter kvart som året går, blir innsparinga sikrare. Prognosen kan no aukast til 18 mill. kr.

I denne saka vert det gjort framlegg om å omdisponere midlar ein sparer på renter for å styrke budsjetta for eigedomsavdelinga, tannhelse og kultur. Etter å ha omdisponert 13 mill. kr, står ein igjen med ei forventa innsparing på 5 mill. kr på renter.

### Oversyn over budsjettendringar – drift

Dei framlagde budsjettendringane på driftsbudsjettet kan summerast opp i to hovudpunkt:

	<u>1000 kr</u>
1. Endringar i revidert nasjonalbudsjett	
Auka satsar lærlingtilskot	2 449
Bortfall av vegbruksavgift gassbussar	-24 320
Redusert rammetilskot	-21 871
2. Omdisponering av innsparte renteutgifter	
Eigedomsavdelinga: reinhaldsprosjekt og drift av bybaneanlegg Kokstad	4 000
Tannhelsetenesta	6 000
Den kulturelle spaserstokken	3 000
Renteutgifter	-13 000

## Oppsummering

Prognosen for dei ulike områda kan summerast opp slik:

	mill. kr
Politiske organ og administrasjon	5
Fellesfunksjonar/lønsavsetjing	10
Opplæring	- 53
Tannhelse	- 9
Regional utvikling	0
Konsesjonskraftinntekter	- 10
Samferdsel	26
Kultur og idrett	0
Eigedom	- 4
Skatt og rammetilskot	20
Renter og avdrag	5
<b>TOTAL</b>	<b>- 10</b>

Tertialrapporten etter 2. tertial 2016 syner ein prognose med eit meirforbruk på 10 mill. kr. Rapporten viser at det er innanfor opplæring, tannhelse, konsesjonskraftinntekter at det ligg an til meirforbruk/lågare inntekter. Opplæringsektoren utmerkar seg med å vera i ein økonomisk utfordrande situasjon. Skulane isolert sett har ein negativ årsprognose på 25 mill. kr. Tannhelsesektoren er også i ein dårleg økonomisk stilling; som over eit relativt lite budsjett melder eit stort negativt budsjettavvik for 2016.

For rentekapitlet, skatteområdet, fylkesadministrasjonen, lønsavsetjinga og samferdselsektoren ser det ut til å gå mot innsparing samanlikna med det som er budsjettert. Regional og Kultur og idrett ligg an til å levera årsresultat for 2016 lik balanse.

Sjølv om det prognosen viser meirforbruk på 20 mill. kr, er det etter 2. tertial ikkje fare for rekneskapsunderskot. I budsjettet for 2016 er det sett av 90 mill. kr til finansiering av investeringar. Deler av denne summen må i tilfelle strykast ved rekneskapsavsluttinga.

## Risikovurdering

Gjennom dei kvartals(administrativ rapportering) – og tertialsvise rapporteringane skal alle avdelingane vurdere og melde inn risikofaktorar i forhold til økonomiske avvik - kor sannsynleg er det at avvik vil oppstå og økonomiske konsekvensar. Dei skal også skissere eit utfallsrom om beste og verste utfall og kva som er dei største «risiko- elementa» økonomisk sett. Innanfor avdelingane regional utvikling, kultur- og idrettsavdelinga, økonomi- og organisasjonsavdelinga er det lite sannsynleg med store avvik og relativt små økonomiske konsekvensar.

Fylkesrådmannen vurderer også etter kvartalsrapporteringa pr. 2. kvartal 2016, at det er størst risiko i prognosen for skatteinntekter, inntekter innanfor kollektivtransport, kostnadar til drift av fylkesvegane og kanskje spesielt innanfor opplæringssektoren totalt sett. Dette er nærare omtalt i eigne avsnitt lenger framme i denne saka.

Omsetjinga innanfor kollektivtransporten og opplæringssektoren er så stor at det ikkje skal store prosentvis avvik til før det blir snakk om fleire millionar kroner.

I tannhelsesektoren er det størst risiko i samband med gamle krav i balansen som ikkje tapsført. Det er tapsført 7,4 mill. kr som følgje av gjennomgang av gamle krav i balansen. Som nemnt gjennomgår ein no dei balanseførde krava i samband med innføring av nytt økonomisystem frå 2017.

Etter 2. tertial er prognosen for opplæringssektoren ei budsjettoverskriding på 53 mill. kr, men den største usikkerheten i tillegg til avvik på skulane er at talet på læreplasser og VG-3 klasser kan endre prognosen både den eine og den andre vegen. Fylkesrådmannen har som sist varsla eit særlig fokus på denne sektoren både læreplasser og budsjettstyringa i skulene.

Når det gjeld utgifter til renter har dette slått positivt ut etter 2. tertial og det er som nemnt realistisk å oppnå ei innsparing på 18 mill. kr i forhold til budsjett. Det er lite som tyder på store endringar i rentenivået resten av året, og ein stor del av låna har fastrenteavtale. Fylkesrådmannen vurderer det derfor slik at det er forholdsvis liten risiko for avvik ut over det som er meldt inn etter 2. tertial, men utfordringar som påverkar rentenivået kan endre på dette.

Det er semje i sentrale lønsforhandlingar, så på lønsbudsjettet er det liten risiko for negativt avvik. Tvert om kan ein få eit positivt avvik som er større enn positivt avvik på 10 mill. kr. Når det gjeld pensjonsutgifter, er dette for tidleg å seie noko sikkert om, men fylkesrådmannen har budsjettert med prognosen frå KLP og Statens pensjonskasse. Moderat lønsvekst er ein faktor som reduserer sjansen for auke i pensjonsutgiftene ut over det som er tatt høgde for i budsjettet.

For konsesjonskraftinntektene har fylkesrådmannen tidlegare år redusert risikoen gjennom langvarige fastprisavtaler, men når mange avtaler går ut midt i ein periode med svært lave straumprisar, blir det inntektssvikten. No er det ikkje så stor risiko for ytterlegare svikt i inntektene i 2016 ut over det som er meldt i prognosen om svikt i inntektene på 10 mill. kr.

## Rapportmodellar

Fylkesrådmannen har arbeidd med å laga ein rapportmodell som alle avdelingane skal nytta i økonomirapporteringa. Det er utfordrande å få til felles rapport i og med at avdelingane er ulike; både i storleik og innhald. Fokuset er ulikt når det gjeld drift og tenesteyting opp mot strategi- og planleggingsarbeid.

Rapportane gjev økonomisk prognose for budsjettåret 2016, oversyn over korleis avdelinga ligg an i høve til dei oppsette budsjettmåla og ei skjematisk risikovurdering der den økonomiske konsekvensen vert vurdert. I rapportmodellen som er nytta for 2016, er det også fokusert særleg på reisekostnader.

## Budsjettmål

Det å få informasjon om stoda rundt dei vedtekte måla til sektorane og avdelingane er ein viktig del av rapporteringa. Avdelingane sine budsjettmål er gjeve, meir utfyllande, i vedtekte budsjett for 2016.

Under følgjer ei oppsummering av den avdelingsvise vedlagte målrapporteringa pr. 2. tertial;

- Opplæringssektoren har sett i verk tiltak pr. 1. tertial i høve til budsjettmåla; Auka fullføring med bestått, Betre læringsutbytte i alle utdanningsprogram, At 50% av ungdomen vel yrkesfag, At 40% av yrkesskuleelevene tek fag-/sveinebrev og At fleire elevar har ordinær progresjon. Prognosen for måloppnåing er god. Det einaste målet som sektoren ser for seg at ein berre delvis oppnår er målet om at 50 % vel yrkesfag. For dei andre måla er prognosen god.

- Samferdslesektoren melder for sine 5 overordna budsjettmål at sektoren ligg godt an i arbeidet med desse. Prognosen er at måla vil verta oppnådd. Det einaste målet som berre vil verta delvis oppnådd er i høve til at talet på drepne skal gå ned, og dette målet har ikkje sektoren einseitig innverknad på. Syner til den vedlagte rapporten, der prognosen for dei 4 andre budsjettmåla, er oppnåing i 2016.

- Økonomi- og organisasjonsavdelinga er i rute med å oppnå budsjettmåla. Eit av måla er allereie oppnådd; andel efaktura er pt. opp mot 85%. På dette området er HFK best i landet. Avdelinga har mange mål, og dei aller fleste ligg an til å verta oppnådd. Ein viser til vedlagte rapport om dei andre måla det er rapportert på.

- Eigedomsseksjonen har som mål å få helseverngodkjent fleire skular, miljøklassifisert nybygg og teke i bruk revidert prosjektstyringssystem. Ein har pr. august kome godt i gang med arbeidet om å nå desse måla. For målet om revidert prosjektstyringssystem, er det venta delvis måloppnåing, grunna noko utfordringar i overgangen til nytt økonomisystem.

- Regionalavdelinga melder at alle budsjettmåla, så nær som eitt, for 2016 har prognose som tilseier full oppnåing. Måla til avdelinga er detaljert sett opp i budsjettet for 2016, men viktige budsjettmål går på handlingsretta planar og berekraftig utvikling, robust næringsliv og teneleg ressursforvaltning i Hordaland. Det einaste målet som ein ikkje kjem til å nå etter prognosen er den planlagte framdrifta for bergensområdeplanen. Fylkesrådmannen syner til nærare informasjon om måla til regionalavdelinga i den vedlagte avdelingsrapporten.

- Kultur- og idrettsavdelinga melder at avdelinga at det pr. august er god status arbeidet med budsjettmåla, og at prognosen tilseier oppnåing av nesten alle mål som ein hadde sett seg i 2016. Einaste mål det pt. ikkje er sannsynleg at ein skal oppnå er å utvikle prosjektet om Bergen og Vestlandet sin internasjonale historie. Det vert elles vist til vedlagt avdelingsrapport.

- Tannhelseavdelinga melder at dei er godt i gang med budsjettmåla sine. Det vil vera eit problem, og ikkje realistisk, å nå målet om økonomisk balanse i 2016. Elles er prognosen for måloppnåing positiv; det gjeld for måla som går på Tannhelsesdata, Behandling i prioriterte grupper, Tidsforbruk folkehelsearbeid og Nærvær.

Samla sett framgår det av rapporteringa at HFK oppsummert er i rute i høve til oppnåing av dei vedtekne budsjettmåla . For ytterlegare informasjon om avdelingane sine mål syner fylkesrådmannen til dei vedlagde avdelingsrapportane.

## Tabell

Av tabellen nedanfor ser ein at prognosen totalt for fylkeskommunen er eit negativt budsjettavvik på 10 mill. kr. Prognosen som var lagt til grunn i rapporten pr. 1. tertial er også teken med slik at endringa i prognosen for dei ulike områda kjem fram. Ein ser nedst at prognosen har endra seg frå - 40 mill. kr. til - 10 mill. kr frå 1. tertial til 2. tertial.

	Rekneskap		Forbruk i %	Prognose bud.av. aug.	Prognose bud.av. apr.	Rekneskap aug. 2015
	aug. 2016	Årsbudsjett	av årsbud			
<b>Politiske organ og adm.</b>						
Kostnader:	162 890	234 026	69,6 %			144 259
Inntekter:	-13 850	-9 650	143,5 %			-16 445
<b>Netto</b>	<b>149 040</b>	<b>224 376</b>	<b>66,4 %</b>	<b>5 000</b>	<b>3 000</b>	<b>127 814</b>
<b>Eigedom</b>						
Kostnader:	145 208	183 651	79,1 %			107 434
Inntekter:	-28 007	-26 624	105,2 %			-33 343
<b>Netto</b>	<b>117 201</b>	<b>157 027</b>	<b>74,6 %</b>	<b>-4 000</b>	<b>-5 000</b>	<b>74 091</b>
<b>Regional utvikling</b>						
Kostnader:	119 790	228 302	52,5 %			150 238
Inntekter:	-132 541	-139 707	94,9 %			-115 347

<b>Netto</b>	<b>-12 751</b>	<b>88 595</b>	<b>-14,4 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>34 891</b>
<b>Samferdsel</b>						
Kostnader:	2 300 810	3 421 582	67,2 %			1 873 597
Inntekter:	-911 334	-1 099 282	82,9 %			-641 304
<b>Netto</b>	<b>1 389 476</b>	<b>2 322 300</b>	<b>59,8 %</b>	<b>26 000</b>	<b>15 000</b>	<b>1 232 293</b>
<b>Kultur og idrett</b>						
Kostnader:	221 300	400 315	55,3 %			225 670
Inntekter:	-218 526	-206 544	105,8 %			-153 466
<b>Netto</b>	<b>2 774</b>	<b>193 771</b>	<b>1,4 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>72 204</b>
<b>Tannhelse</b>						
Kostnader:	229 339	317 021	72,3 %			204 374
Inntekter:	-93 347	-111 826	83,5 %			-77 987
<b>Netto</b>	<b>135 992</b>	<b>205 195</b>	<b>66,3 %</b>	<b>- 9 000</b>	<b>- 9 000</b>	<b>126 387</b>
<b>Opplæring</b>						
Kostnader:	2 173 400	3 139 102	69,2 %			1 959 101
Inntekter:	-275 374	-203 172	135,5 %			-266 741
<b>Netto</b>	<b>1 898 026</b>	<b>2 935 930</b>	<b>64,6 %</b>	<b>- 53 000</b>	<b>- 43 000</b>	<b>1 692 360</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>						
Inntekter:	-4 076 577	-6 152 800	66,3 %			-3 968 643
<b>Netto</b>	<b>-4 076 577</b>	<b>-6 152 800</b>	<b>66,3 %</b>	<b>20 000</b>	<b>-15 000</b>	<b>-3 968 643</b>
<b>Renter og avdrag</b>						
Kostnader:	134 375	694 200	19,4 %			141 087
Inntekter:	-29 736	-39 300	75,7 %			-51 489
<b>Netto</b>	<b>104 639</b>	<b>654 900</b>	<b>16,0 %</b>	<b>5 000</b>	<b>15 000</b>	<b>89 598</b>
<b>Kraftinntekter</b>						
Kostnader:	33 875	50 000	67,8 %			34 789
Inntekter:	-70 877	-120 000	59,1 %			-77 835
<b>Netto</b>	<b>-37 002</b>	<b>-70 000</b>	<b>52,9 %</b>	<b>- 10 000</b>	<b>- 10 000</b>	<b>-43 046</b>
<b>Fellesfunksjonar/lønsavsetj.</b>						
Kostnader:	106 474	218 563	48,7 %			32 807
Inntekter:	-842 370	-769 041	109,5 %			-79 310
<b>Netto</b>	<b>-735 896</b>	<b>-550 478</b>	<b>133,7 %</b>	<b>10 000</b>	<b>9 000</b>	<b>-46 503</b>
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-1 065 078</b>	<b>8 816</b>		<b>- 10 000</b>	<b>- 40 000</b>	<b>-608 554</b>

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2016 vert endra slik:

#### a) Driftsbudsjettet

	Stad	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	130 500 00	10110	Eigedomsseksjonen, løn	1 000 000	
10	130 500 00	11000	Eigedomsseksjonen, andre driftsutg.	1 500 000	
10	310 220 00	13700	Bilruter		24 320 000
10	320 100 00	11000	Bybaneanlegg Kokstad	1 500 000	
10	400 712 00	14500	Den kulturelle spaserstokken	3 000 000	
10	560 200 00	11000	TK Vest	6 000 000	
10	600 780 00	14700	Lærlingtilskot	2 449 000	
10	700 200 00	18000	Rammetilskot	21 871 000	
10	710 100 00	15000	Renter		13 000 000
				37 320 000	37 320 000

#### b) Investeringsbudsjettet

	Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	300 270 00	02301 00	00010	Bussanl. Sunnhordland		20 000 000
10	300 270 00	02301 00	00013	Terminalar/sjåførfasilitetar		4 000 000
				Kjøp av		
10	300 270 00	02850 00	00011	Nonneseterterminalen	20 000 000	
10	300 270 00	07000 00	00011	Refusjon frå staten		15 000 000
10	300 420 00	02301 00	07602	Fylkesveginvesteringar		163 000 000
10	300 420 00	07700 00	07602	Bompengar	97 700 000	
10	310 235 00	02100 00	07803	Bybanen - vogner	105 700 000	
10	320 075 00	02301 00	07902	Bybanen - byggjesteg 3	100 000 000	
10	320 075 00	02301 00	07904	Bybanen - byggjesteg 4		100 000 000
10	617 020 00	02301 00	06034	Tertnes vgs.		35 000 000
10	632 020 00	02301 00	06028	Nye Voss vgs.		10 000 000
10	638 020 00	02301 00	06029	Åsane vgs.		20 000 000
10	740 020 00	05290 00	07110	Kjøp aksjar (tomteselsk.)	12 300 000	
10	777 020 00	01000 00	05800	Profilering eigedomar		3 000 000
10	777 021 00	02301 00	03000	Rehabilitering/ombygging	10 000 000	
10	790 100 00	09100 00	09979	Bruk av lån	9 300 000	
10	790 100 00	09400 00	09979	Bruk av disposisjonsfond		34 000 000

10 790 110 00	07290 00 09979	Momskompensasjon	49 000 000	
			404 000 000	404 000 000